



Tormod Myklebust blir med i Hjørterådet (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det første møtet i Hjørterådet blir i månedsskiftet oktober/november og uskedelingen Tormod Myklebust blir med i rådet.

Han vil representera vald utan plan saman med Hans G. Tufta frå Ølve. Hans Martin Hjelmeland frå Omvikedalen og Trygve Kvamme frå Varaldsøy vil representera vald med plan.

Terje Natland i kommunen opplyser at det diverre ikkje er stor oppslutning frå jaktvalda. Mange har ikkje kome med forslag om kandidatar til rådet. Av dei som har kome med forslag har det gjerne vore mange med same forslag og utfrå desse forslaga er det kome flest stemmer på dei personane som er lista opp ovanfor.

Frå bondeorganisasjonane er Hans J. Berge frå Ølve foreslått og frå Kvinnherad jakt og fiskelag Taisto Erkinharju (ettersøkslaget). Frå skogeierlaga har det ikkje kome noko namn enno.